

Spørsmål til Samo 16.01.20

FERJETAKSTAR

Det er i ferd med å bli eit stort opprør langs kysten på ferjetakstar, særleg ser vi det i Nordland og Møre og Romsdal.

Samferdselsministeren er tydeleg på at dette er fylkeskommunane sine eigne vedtak om takstar som avgjer. Medan det somme stader blir vist til at det AutoPass-ordninga er medvirkende til endringa.

Vestland fylkeskommune blir også vist til i nokre av oppslaga.

Og i «Bømlo-nytt» 08.01.20 blir det vist til stor auke i prisen for dei som pendlar med ferje i retning Haugesund.

Det er kjent at Vestlandsrådet ved fleire høve har drøfta saka om AutoPass for ferjer, seinast på møte i november. Der blir det vist til at det var eit møte mellom fylkeskommunane og Vegdirektoratet 3. Juli, og at det etter det ikkje har vore nokon «konstruktiv dialog».

Medan statsråden no i mediaoppslag seier han er innstilt på å diskutere forbetringar innanfor AutoPass-ordninga, slik at forbrukaren opplever ordninga meir rettferdig.

Spørsmål:

- Skuldast dei store takstaukene i andre fylke lokale vedtak, og at det er deira måte å dekke inn kostnader med elektrifisering av ferjer?
- Sidan Autopass er eit nasjonalt system, er det då staten som må gjere endringar innanfor korleis takstgruppene er / systemet og kva rabattar som kan bli gjevne?
- Er det innføring av Autopass frå 01.01.20 som gjer at oppslaget om så stor auke for ferjesambandet sør på Bømlo kjem no?
- Kva ferjestrekninger står att å innføre AutoPass på i Vestland fylke? Og kva utslag vil det gje på takstene for innbyggjarane som er avhengig av desse strekningane?

Trude Brosvik
KrF